



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.

0032 OSLO

Deres ref.
14/4810

Vår ref / Saksbehandler
14/7021-3 430 &13
Ingrid Buset / tlf.

Dato:
12.11.2014

HØRING - FORSLAG TIL ENDRINGER I UTDANNINGSSTØTTELOVEN

Trass i at forslag til endring av behovsprøvinga medfører ei innskrenking i utdanningsstøttelova, så må vi seie at departementet gjennom høyringsnotatet argumenterer godt for at behovsprøvinga skal legge vekt på økonomien til sambuar til elevens foreldre. Det er viktig, som blir påpeika i notatet, at sambuar ikkje har eit forsørgaransvar, men den økonomiske lettelsen det medfører å ha nokon å dele ei husholdning med, kan tilleggst vekt. Husholdningas økonomi må kunne vurderast og vektleggast i behovsprøvinga, samtidig vil vi påpeike at det må ligge til grunn at sambuar har ein normal lønnsinntekt og at det er eit rimeleg påslag.

Vi vil også påpeike at familiens/husholdningas sosiale og økonomiske evne er sentral i forhold til om elevar gjennomfører vidaregåande utdanning, og det er då vesentleg at andre ordningar sikrar støtte til elevane gjennom utdanningsløpet. Vi vil trekke fram at elevar og studentar må få god oppfølging og faglig forsvarlig rettleiing når dei er i skule og i praksis. Rådgivningstjenesten må styrkast og sikrast gjennom tilstrekkelig kapasitet, profesjonalitet og nødvendig kompetanseheving. Eit anna viktig tiltak for å sikre faktisk gjennomføring av vidaregåande opplæring er å sørgje for nok læreplassar, i tide.

Vi har som sagt forståelse for at husholdningas samla økonomi blir vurdert i behovsprøvinga, men vi vil avvise den prinsipielle endringa som forutsett økonomisk støtte frå forelder som barnet ikkje bor hos /bor hos mindre enn 40 prosent av tida. Dette er urimeleg, og set barnet/elevane blir skadelidande. Med forslaget oppkonstruerer ein ei inntekt til aleneforeldrefamiliens inntekt, som ikke eksisterer anna enn på papiret. Dette er grov forskjellsbehandling som diskriminer barn i aleineforeldrefamiliar med lav inntekt. Desse borna/elevane kan dermed bli hindra i å nytte rettar dei burde ha på lik linje med andre born.

Lånekassas adgang til innhenting av opplysninger frå andre - forslag om utvidelse

Fagforbundet har ingen innvendingar mot at Lånekassa får hjemmel i Utdanningsstøtteleova til hente informasjon frå fylkeskommunen om godkjent lærekontrakt, på same måte som for opplysningar frå lærestadane om studentstatus.

Med hilsen
FAGFORBUNDET
Utredningsenheten

Jan-Tore Strandås
(sign)
fagleder

Ingrid Buset
(sign)
Rådgiver

Dette brevet er godkjent elektronisk i Fagforbundet og har derfor ingen signatur.